

**Folkemusikkveka i Kvinnherad 2012 blir innleia med 3 kvedarkurs og hvis påmeldinga syner brei deltaking frå heile kommunen vert kurset truleg lagt til Uskedalen. Det opplyser arrangøren til uskedalen.no. Den fyrste påmeldinga har kome nettopp frå Uskedalen.**

**To av kursa skal avviklast til våren og eitt til hausten og lærarar er fylkeskvedar og songpedagog Reidun Horvei og songar Kari Malmanger,**

Dei vil pussa stov av folkesongar i området og kursopplegget blir todelt med eitt kurs for born og eitt for vaksne med same tid og stad. Det knyter generasjonane saman til eit stort kor.

Distriktet har rike tradisjonar innan folkesong, og det har gått føre seg eit stort innsamlingsarbeid. I dag er ein langt betre rusta til dette arbeidet gjennom dei hjelpemidlane ein har. for å ta vare på og hugsa tonane.

Det er ikkje naudsynt å kunne noko om kveding frå før når ein melder seg på. Alle deltakarane vil få delta som gruppe under veka,

Reidun Horvei (biletet) er sentral i valet av kursstad og i opplegget.